

Årsmelding Oppland Radiobjøllelag 2023

Oppland Radiobjøllelag er underlagt Oppland Sau og Geit. Laget vart etablert som direkte følgje av "Beitebruksprosjektet" og "Radiobjølleprosjektet", som Oppland Sau og Geit dreiv saman med faglaga, landbrukskontora og FM i Oppland i åra 2008-2012. Laget vert leia av styret i OSG og administrert av driftsleiar Pål Kjorstad. Laget har til hovudoppgåve å kjøpa inn og leiga ut elektronisk overvakingsutstyr til medlemmane i tillegg til å følgja opp samarbeidspartnarar og ny teknologi. Ei svært viktig oppgåve er å innhenta midlar til innkjøp av utstyret frå eksternt hald. Dette har historisk vore frå FKT-midlar gjennom rovviltnemnda i Oppland/region 3 og midlar frå «Tilskot til tiltak i beiteområde» (ofte kalla «frå organisert beitebruk, OB) frå Landbruksdirektoratet gjennom fylkesvise pottar der Hedmark og Oppland enda er delt. I 2020 vart desse midlane flytta til kvar enkelt kommune, men vi har saman med FMIN halde fram som før ved at samla midlar til gamle Oppland, som skal gå til elektronisk overvakning, framleis går til Oppland Radiobjøllelag, men gjennom Sør-Fron kommune. Det er ikkje til å stikka under ein stol at dette etterkvert har vorte opp mot ein heildagsjobb.

Sesongen 2023 opna med desse utfordringane:

- a) Større behov enn vanleg for både Nofence Storfe og Nofence Småfe
- b) Større behov for Findmy av både grøn, blå og raud type
- c) Stort behov for Telespor
- d) Store utfordringar med budsjett/rettare sagt å få inn nok eksterne pengar til innkjøp
- e) Lufta tanken om å låne pengar, dette gjekk ikkje utan årsmøtevedtak i organisasjonen
- f) Svært dårlig administrativt vedtak for tilskot frå FKT-midlar

Men etter kvar løyste det seg med:

- a) Rovviltnemnda vedtok eit større beløp til oss frå FKT-midlane
- b) Kommunane sjølvde løvdde midlar utover potten til elektronisk overvakning frå OB
- c) Det vart feil i produksjonen hos Nofence, og desse kunne ikkje levera til sesongstart
- d) Nofence som vi hadde kjøpt før utløyste at vi fekk ut delar av tilskota frå kommunane
- e) Det vart nok likevel da innkjøpt fleire Telespor og Findmy

Generelt med dei ulike modellane av utfordringar og tiltak:

1. Telespor:
 - a) Grei sesong
 - b) Største feil i år fuktighet inn i batterihuuset
 - c) Einingane er i område med for dårlig mobildekning
 - d) Nye lokk eller i alle fall nye pakningar på alle neste år
 - e) Der det ligg til rette for det kan ein basestasjon etablerast for å få dekning
2. Findmy:
 - a) God sesong
 - b) Største «feil» er overforbruk, som kjem av betre GPS-dekning og at fleire meldingar enn vanleg kjem fram. Dette gjeld ikkje berre dei grøne, men òg svarte einingar
 - c) Nokre har òg lagt inn meldingsplan med fleire meldingar enn abonnementet på 200 stk
 - d) Andre har ikkje stoppa einingane tidsnok om hausten da dei har teke dei av dyra
3. Nofence:
 - a) God sesong
 - b) Feil i nye, som vart batteritomme, som ikkje klarte å bestemme seg for nettverk
 - c) Slitasje på solcelledelane grunna bruk av fysisk bjølle/føring i hekk
 - d) Ny bruksavgift 2024 med betaling pr. månad, og høg eingongsavgift fyrste året

4. Smartbjella:
 - a) Førebels siste året med dette produktet i Oppland Radiobjøllelag
 - b) Betalt avgift for dei som gjekk 1/1 2023
 - c) Dei aller fleste einingane er innlevert til renovasjon, og ingen avgift betalt for 2024

5. Biocontrol, saltsteinavlesarar:
 - a) I praksis vart ingen brukt i 2023, men 2 gjekk delvis i sesongen
 - b) Det vert ikkje betalt abonnement for nokon i 2024, dersom ingen vil ha

Oversikt tilskot til Oppland Radiobjøllelag 2023:

Tilskot	År/type	Bevilga	Utbetalt 2023	Til gode 2024
LMD	2022/Prosjekt Nofence	kr 213 500,00	kr 213 500,00	kr -
LMD	2022/Prosjekt Nofence	kr 198 000,00	kr 198 000,00	kr -
LMD	2023/Oppland	kr 370 000,00	kr 370 000,00	kr -
Kommunalt	2023/Vang kommune	kr 22 500,00	kr -	kr 22 500,00
LMD	2023/Sør-Fron kommune	kr 152 000,00	kr 94 110,00	kr 58 390,00
LMD	2023/Nord-Fron kommune	kr 29 000,00	kr 14 500,00	kr 14 500,00
LMD	2023/Ringebu kommune	kr 49 000,00	kr 24 500,00	kr 24 500,00
LMD	2023/Sel kommune	kr 4 300,00	kr 4 300,00	kr -
LMD	2023/Skjåk kommune	kr 95 000,00	kr 95 000,00	kr -
LMD	2023/Nord-Fron kommune	kr 44 570,00	kr -	kr 44 570,00
LMD	2023/Øyer kommune	kr 19 000,00	kr -	kr 19 000,00
FKT	2023/ordinært	kr 850 000,00	kr 850 000,00	kr -
FKT	2023/restpott av andre løyver	kr 400 000,00	kr 400 000,00	kr -
LMD	2023/restpott av div kommunar	kr 220 000,00	kr 220 000,00	kr -
Summar		kr 2 667 370,00	kr 2 483 910,00	kr 183 460,00

Dette er fantastiske tal m.o.t. innvilga tilskot, men vi kan ikkje bruka desse som mal i nytt budsjett for 2024

Utleigeprisar for elektronisk overvakingsutstyr i Oppland vert kvart år vedteke av årsmøte: OSG vil i utgangspunktet setja ned prisen, men dette er vanskeleg i forhold til at faktiske priser faktisk aukar. Abonnementsprisen har likevel vore høg for utleigeutstyr frå Telespor og Smartbjella i forhold til Findmy. Med bakgrunn i at OSG ikkje vil at beitebrukarar skal betale mykje meire for utstyr i områda utan eller m/dårleg mobildekning, vil OSG fortsetja ordninga med tilnærma lik leigepris for ulikt utstyr. Vedtaket frå årsmøte i OSG vart difor slik:
 Telespor: kr. 270,-, Smartbjella: kr. 270,-, Findmy: kr 325,- Nofence storfe: kr. 700,- Biocoltrol: kr. 3. 500,-. Alle prisar er eks. mva.

I ettertid vart det kjøpt inn 2 nye modellar utanom vedtaket på lista, og utleigeprisane for dette vart bestemt administrativt til å vera: Findmy blå: kr. 300,- og Nofence småfe: kr. 500,-

Innkjøpt nytt utstyr 2023:	Tal av dei ymse modellane i bruk i 2023
<ul style="list-style-type: none"> • 1800 stk. Telespor 2023 • 900 stk. Findmy, grøne • 134 stk. Findmy, blå • 120 stk. Nofence småfe • 64 stk. Nofence storfe 	<ul style="list-style-type: none"> • 7.549 stk. Telespor 2010-2023 • 3.026 stk. Findmy, svarte og grøne • 134 stk. Findmy, blå • 112 stk. Smartbjella • 120 stk. Nofence småfe

- | | |
|--|---------------------------|
| | • 280 stk. Nofence storfe |
|--|---------------------------|

Andre generelle driftsopplysningar 2022: Pakkinga og det daglege arbeidet med kontakt og hjelp til brukarane stod Pål stort sett for åleine dette året. Utkøyringa stod stort sett Jonny for i tillegg til at han er den viktigaste støttespelaren m.o.t. elektronisk overvaking til Pål i styret. Vi takkar alle kontaktane rundt om i Oppland som gjer ein stor innsats i innsamlings- og utdelingsarbeidet.

Vi har hatt minst 5 fagforedrag om elektronisk overvaking i 2023, 1 hos Statsforvaltaren Innlandet, 1 hos fylkeskommunen, 2 i Nord-Fron kommune og 1 på leiarmøte i OSG. I tillegg har vi hatt mange e-postar, telefonar, møter m/utstyrleverandørar og ikkje minst møter og oppfølging av prosjekter. Vi brukar heimesida vår som infoside/rapporteringside for å spara utgifter, vi bruker e-post til utsending av fakturaer, vi har brukt SMS-varslingar og vi har brukt facebook-gruppa i Oppland Sau og Geit til hjelp for dei som er der, og eventuelt kan varsle andre.

Elektronisk utstyr	Tal einingar i bruk	Tal aktive brukarar*	Einingar pr. brukar ei type (2023)	Brukarar med 1 eller fleire typer
Telespor	7549	288	26,2	33
Findmy	3160	122	26,3	31
Smartbjella	112	13	8,6	9
Salsteinavlesarar	2	2	1	-
Nofence storfe	280	16	24	5
Nofence småfe	120	3	40	2
Sum/snitt	11223	400**	28,1	53**


*) Aktive brukarar kan vera både enkeltbrukarar og ymse samarbeidsformer heilt opp til beitelag. I tillegg har 27 brukarar både telespor og findmy.

**) Da det er fleire kombibrukarar, så er svaret her ikkje som sum kolonne over viser.

Evalueringssdetaljar:

Manglande rapportering førte også for 2023 til bot på kr. 500,-, mange klagar, så dette er ikkje positivt, men på andre sida vil ein stå på heilt bar bakke utan rapportering. Det ligg 303 rapporteringsskjema på nettsida, så da kom det rapport frå omlag 80%. i 2023 vart rapporteringa var lagt ut elektronisk som før, men det på ei annan plattform. Driftsansvarleg har utarbeidd den elektroniske rapporten slik at ein kan håpa på mindre feilrapportering, og at ein som før kan ta ut denne rapporten samla i ei Excel-fil. Det er svært nødvendig at alle/så mange som råd er sendar inn rapport slik at driftsansvarleg veit kor mykje av utstyret som er borte eller har feil, og kor mange dei einskilde vil leiga. Da kan vi både dela ut og kjøpa inn etter kva som er rapportert. Hugs at utstyret er kostbart, at det vert leigd og at det til kvar tid skal vera klart til at andre kan overta det. Hugs å vaska/reinsa utstyret etter kvar sesong og før ei eventuell innlevering. Når det gjeld leigeavgifter så har det òg for 2023 stått att fleire som ikkje har betalt leiga langt mot jul, og nokre har enda ikkje betalt. Vi har hatt fleire omgangar med purringar som før. Ingen som ikkje betalar får behalda einingane 1 år til. Det er ei stor utfordring med dette, og ein får tru at fleire nå kjenner seg såpass godt at dei ikkje lenger leiger da dei ikkje har råd til det. Vi prøver å få ut faktura så tidleg som råd er etter årsmøtevedtaket om leigeprisar og etter at budsjettet vårt fortel at dette kan gå bra.

Utvikling elektronisk overvakning i Oppland 2009-2023:



Prosjekter i regi av eller med Oppland Radiobjøllelag i 2023:

2 prosjekter er gjennomført/sluttført i 2023, jmf. eigne sluttrapportar under.

I tillegg har Oppland Radiobjøllelag forsynt jervprosjektet i Skjåk og Lesja med elektronisk overvakingsutstyr mest i form utstyr frå Findmy. Her er det leid ut 778 stk. Findmy og i tillegg er det søkt om 738 stk til.

Til slutt er Oppland Radiobjøllelag med i ei planleggingsfase på eit prosjekt «Elektronisk Beitestyring i Gudbrandsdalen» som omhandlar Nord-Fron m/Kvamsfjellet, Sør-Fron m/Gålå, Ringebu m/Kvitfjell og Gausdal m/Skei. Innlandet fylkeskommune har vore med som rettleiar i prosjektet og Høgskolen i Innlandet v/Morten Tofastrud har planar om eit større forskingsprosjekt rundt same tema, der prosjektet vårt kan bli ein del av dette.

Vi skulda tilsette i Telespor og Findmy ein stor takk for god service og verdifull støtte og velvilje til laget vårt, og ein spesiell takk for sponsorstøtte både til Oppland Sau og Geit og til NM i saueklipping og ull-handtering 2023.

I løpet av 2023 er det òg oppretta meire kontakt med Nofence, og vi ser fram til vidare samarbeid med dei i 2024.


Til slutt vil Oppland Radiobjøllelag takka alle kommunane som vi har samarbeida med og alle som har gjeve oss tilskot utover det ordinære i 2023.

Rapportering 2023:

9. Er du fornøyd med utstyret du leide i 2023?

[Flere detaljer](#)


● Svært fornøyd	98
● Fornøyd	150
● Delvis fornøyd	63
● Ikke fornøyd	9



10. Hvilken faktor-/er i bruk av utstyret avgjorde svaret i forrige spørsmål? Du kan krysse på flere alternativer

[Flere detaljer](#)


● Hjelp til tilsyn	259
● Hjelp til sanking	265
● Kostnad	26
● Funksjonalitet	103
● Dokumentasjon	54
● Hjelp til å velge-/velge bort beit...	60
● Hjelp i forhold til rovvilt-/rovvilts...	70
● Annet	28



11. Er du fornøyd med Oppland Radioobjøllelag og organiseringa av elektronisk overvåkingsutstyr?

[Flere detaljer](#)


● Svært fornøyd	198
● Fornøyd	117
● Delvis fornøyd	4
● Ikke fornøyd	1



12. Hvilken faktor-/er avgjorde svaret i forrige spørsmål? Du kan krysse på flere alternativer

[Flere detaljer](#)

●	Nærhet til utstyr	147
●	Nærhet til svar på spørsmål	141
●	For dyrt å leie	8
●	Fordelaktig å leie fra Oppland R...	188
●	Oppland Radiobjøllelag kjenner ...	124
●	Oppland Radiobjøllelag trykker ...	91
●	Fleksibilitet og service	144
●	Får ikke nok rabatt for ikke fung...	16
●	Annet	9



16. Vil du leie elektronisk overvåkingsutstyr fra Oppland Radiobjøllelag i 2024?

[Flere detaljer](#)

●	Ja	316
●	Nei	18

